ALVER
KOMMUNE

**Miljø og tilsyn**

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eirik Berntsen | 07.05.2020 |
| Vår: 20/840 - 20/26189 | eirik.berntsen@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - gbnr 137/760 Alver

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 475/20** |
| **Tiltakshavar:** | Galteråsen AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkoconsult AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for lagerdelen på gbnr 137/760 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld lagerdelen av bygget, og ikkje kontordelen.**
2. **Bygget skal være ferdig innan 05.06.20.**

Vilkår 2 og 3 i løyvet (sluttrapport avfall og innmåling) må vere oppfylt før det kan gis ferdigattest.

Vi minnar også om at det før ferdigattest må ligge føre godkjent sluttdokumentasjon for VA-anlegget, jf. godkjent rørleggermelding.

**Mottatt dokumentasjon**
Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at dei deler av tiltaket det søkast midlertidig bruksløyve er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.06.19 og endringsløyve datert 17.02.20.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Kontordel med tilhørande tilleggsareal.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 05.06.20.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.05.20, og supplert 05.05.20 og 06.05.20.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

Vi legg til grunn at avkjøringa er opparbeida i tråd med gjeldande regelvark i både plan- og bygningslova og veglova, jf. forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg (FOR-2019-12-13-1984).

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | |
| Bygningstiltak: | Næringsbygg |
| Bygningsnummer: | 300751468 |
| Bruksareal: | 1921 (inkl. tenkt plan) |
| Avløp: | Ikkje i denne MB. |
| Vatn: | Ikkje i denne MB. |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/840**

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Eirik Berntsen |
| Avdelingsleiar Plan og byggesak | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Galteråsen AS | Møllendalsveien 68B | 5009 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |